

BOKN KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: Onsdag 25. mai 2016
Tid: kl. 17.00
Sted: Møterom 1. etasje, Boknatun

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen og kommunalsjef er invitert/innkalla til å orientere i sak 8/16 og 9/16.

Saksliste:

- 7/16 Godkjenning av protokoll frå møte 10.02.16**
- 8/16 Orientering frå administrasjonen - sentraladministrasjonen**
- 9/16 Årsrekneskapen 2015 – kontrollutvalet sin uttale**
- 10/16 Referat – og orienteringssaker 25.05.16**

Eventuelt

Aksdal, 18.05.16

Lars Øyvind Alvestad (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	25.05.16	7/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10.02.16

Vedlegg: Protokoll frå møte 10.02.16

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 10.02.16 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 10.2.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 18.05.16


Toril Hallsjø
Utvalssekretær

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **10. februar 2016** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad. Etter møtet blei det til kl. 19.50 gjennomført eit risikospel knytte til arbeidet med ny forvaltningsrevisjonsplan.

MØTESTAD:	Boknatun, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 19.05
MØTANDE MEDLEMMER:	Lars Øyvind Alvestad (Ap), Jørn Hansen (H) og May Jorunn Vatnaland (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partnar Else Holst-Larsen, Deloitte Hgsd og forvaltningsrevisor/senior manager Gunnar Husabø, Deloitte AS, Bergen
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Tormod Vågå (Sp)
MERKNADER TIL INNKALLING:	Utvalet etterlyste sakskartet lagt i Dropbox.
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26.11.15

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 26.11.15 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 10.02.16:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.16:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 26.11.15 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/16 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «POST-/ARKIV-HANDTERING I BOKN KOMMUNE»

Sekretariatet si innstilling:

1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Post-/arkivhandtering i Bokn kommune» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 10.02.16:

Forvaltningsrevisor Gunnar Husabø frå Deloitte orienterte om rapporten og revisjonen sine vurderingar. Problemstillingane var knytte til 1) å svare på brev, 2) offentlegheit og 3) opplæring i post/arkiv.

Rapporten visar at kommunen manglar skriftlege retningslinjer. Arkivplan er ikkje oppdatert. Det er svært mykje på restanselistene og sein publisering av postlista (opptil 2 veker). Han viste til at sak/arkivsystem er eit godt leiarverktøy til å halde styring på sakshandsaminga i kommunen. I rapporten blei det tilrådd 9 ulike tiltak som rådmannen bør/må ta tak i.

Utvalet kom med kommentarar. Det blei vist til at det er sårbart med få tilsette, men kommunen må følgje lovverk.

Utvalet var ikkje nøgd med stoda i kommunen, og slutta seg til å gje rådmannen ei kort frist for tilbakemelding for kva som er gjort innan fastsett frist og vidare planer. Utvalet ville spesielt trekke fram tiltak 2 som eige punkt i innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.16 og innstilling til kommunestyret:

1. *Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Post-/arkivhandtering i Bokn kommune» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Kontrollutvalet vil spesielt framheve at tiltak 2 om meir skriftlege rutinar må prioriterast.*
4. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 3/16 INNSPEL TIL NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2020

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval ønskjer møte med politiske leiarar den, og ber sekretariatet sende ved vedlagt informasjon forut for dette møtet.

Handsaming i kontrollutvalet 10.02.16:

Forvaltningsrevisor Gunnar Husabø orienterte om arbeidet med den overordna analysen og plan. For å få ein god plan, med ca. eit prosjekt i året, var dei avhengig av innspel.

Ordføraren ønskte at sekretariatet kom i neste kommunestyremøte og orienterte om utvalet sine oppgåver og ansvar og i det møtet nytte høve til innspel. Utvalet ønskte og at innspela kom gjennom bruk av spørjeundersøking. Innstillinga og vedtaket vart så endra.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.16:

Bokn kontrollutval ønskjer at revisor nyttar spørjeundersøking med dei politiske leiarane og at vert sendt ut informasjon forut for dette.

Sekretariatet stillar i neste kommunestyremøte 08.03.16 for å orientere om kommunestyret og kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar innan kontroll og tilsyn.

SAK 4/16 PLAN FOR ORIENTERING OM RESULTATOMRÅDA OG STABS-FUNKSJONANE

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabs-funksjonane:

Møtet 25.05.16	kommunalsjef
Møtet 07.09.16	kommunalsjef
Møtet 16.11.16	

Handsaming i kontrollutvalet 10.02.16:

Utvalet slutta seg til framlegget og drøfta kven av kommunalsjefane som skulle møte fyrst. Dei ønskte også ei orientering til hausten om dei tekniske tenestane.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.16:

Bokn kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabs-funksjonane:

Møtet 25.05.16	kommunalsjef forvaltning Solrunn Alvestad
Møtet 07.09.16	tekniske tenester
Møtet 16.11.16	kommunalsjef tenester Ingunn Toft

SAK 5/16 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2015

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Bokn godkjenner årsmelding for 2015.

Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2015 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 10.02.16:

Utkastet blei gjennomgått og utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.16:

Kontrollutvalet i Bokn godkjenner årsmelding for 2015.

Samrøystes innstilling til kommunestyret 10.02.16:

Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2015 til orientering.

SAK 6/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.02.16

1. Statusrapport pr. februar 2016
2. Årshjul – kontrollutvalet sine oppgaver
3. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2015
4. K-styrevedtak 15.12.15, sak 66/15 – Val av revisor 2016-2020
5. Evaluering og val av leverandør – Anbud på revisjonstenester 2016-2020
6. Val av representantar til HKS IKS
7. Kommunal rapport 19.01.16 – skatteinntektene 2015 – landsbasis
8. Kommunal rapport 19.01.16 – skattetallene for den enkelte kommune
9. Årsrapport og skatterekneskap 2014 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
10. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2016
11. Rapport frå haustkonferansen I Sandnes -munnleg
12. Rapport frå NKRF-konferansen - munnleg
13. eINFO 16/1 – Talerett i kommunale organer
14. Referat frå møte i Kommunesektorens etikkutvalg 23.11.15
15. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.12.15

Handsaming i kontrollutvalet 10.02.16:

Sekretær gjorde greie referatsakene. Jørn Hansen og sekretær refererte frå NKRF-konferansen som hadde vore lærerik og interessant, og ikkje minst imponerende gjennomføring med over 800 deltakarar. Spesielt blei innlegga om flyktning- og integreringsarbeidet i Rælingen kommune trekt fram som svært bra. Ordførar var interessert i lenke til innlegga. Datoane for konferansen er 01.-2.02.17 neste år.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.16:

Referatsakene 1- 15 blir tatt til orientering.

Eventuelt

Ingen saker meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til onsdag **25. mai** kl. 17.00. Årsrekneskap og revisor si revisjonsmelding vil bli lagd fram. Uttalen vil då følgje til formannskapet og kommunestyret i juni.

Bokn, 15. februar 2016

Lars Øyvind Alvestad
Utvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	25.05.16	8/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJON – SENTRAL-ADMINISTRASJONEN

Bakgrunn:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 10.02.16, sak 3/16 å sette opp ein plan for orientering om resultatalaområda og stabsfunksjonane i kommunen i møta fram. Vedtaket var følgjande:

Bokn kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

Møtet 25.05.16 kommunalsjef forvaltning Solrunn Alvestad
Møtet 07.09.16 tekniske tenester
Møtet 16.11.16 kommunalsjef tenester Ingunn Toft

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står over for. Planen blei oversendt rådmannen 25.02.16. Det framgikk i brevet at tidspunkta kunne endrast/byttast for dei inviterte. Det er rådmannen som bestemme om han også møte eller om dei møter som representant for rådmannen.


Drifta i administrasjonen omfattar kundemottak, sentralbord, post, arkiv, felles innkjøp, sekretariat for politiske utval, interne merkantile tenester til og for seksjonane, økonomistyring, budsjett, innkjøpsavtalar, rekneskap, lønn, fakturering, generell personalpolitikk, HMS/arbeidsmiljø og IKT drift- og strategi. Rådmannen sine funksjonar er overordna styring og kontroll, juridisk bistand, interkommunalt/regionalt arbeid, NAV, barnevern, beredskap, sekretærfunksjon for formannskap og kommunestyre, næringsarbeid og kommuneplanarbeid.

Sekretariatet ser gjerne at det vert orientert om sterke og svake sider ved kommunen og kva utfordringar Bokn kommune står ovanfor.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval tek rådmannen og kommunalsjef Alvestad si utgreiing om sine ansvarsområde til orientering.

Aksdal, 18.05.16


Toril Hallsjø
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	25.05.16	9/15
Formannskapet	07.06.16	
Kommunestyret	21.06.16	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	212	

ÅRSREKNESKAPEN 2015 – KONTROLLUTVALET SIN UTTALE

Vedlegg:

1. Framlegg til uttale frå kontrollutvalet
2. Rekneskapen 2015 *egget hefte /vedlegg*
3. Årsmelding 2015 *egget hefte /vedlegg*
4. Melding frå revisor, uttale til årsrekneskapen 2015, dagsett 01.05.16
5. Revisjonsrapport for årsrekneskapen 2015/rapport nr 4 , dagsett 22.04.16

Saksorientering:

Innleiing

Vedlagt følger Bokn kommune sin årsrekneskap for 2015, årsmelding for 2015 (separate hefter) og Deloitte si revisjonsmelding dagsett 01.05.16 og revisjonsrapport nr 4 for årsrekneskapen (vedlegg 4 og 5). Oppdragsansvarleg revisor vil vera til stades når utvalet handsamar årsrekneskapen.

Bakgrunn

Det går fram av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 7 at kontrollutvalet skal gi uttale om årsregnskapet:

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet / kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

Det er ikkje eit krav om at kontrollutvalet handsamar årsmeldinga, men denne skal følgje med som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen.

Kommunestyret skal vedta både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Årsrekneskapen skal vedtakast etter innstilling frå formannskapet. Om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) står det følgjande i forskrift om årsrekneskap og årsberetning § 10:

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget sjølv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Etter forskriften § 8 skal også kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader (i revisjonsmelding og/eller i revisjonsrapport) blir fulgt opp.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Bokn kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2015 med notar, revisjonsmeldinga og rådmannen si årsmelding.

Årsrekneskapen

Rekneskapen syner eit **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) på minus 2,5 mill. kr.

Avviket mellom brutto driftsresultat og revidert budsjett skuldast at driftsinntektene auka og driftsutgiftane auka kraftig, frå 83 mill. kr i opphåveleg budsjett til 93,6 mill kr i rekneskap.

Netto driftsresultat er det same som brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. Netto driftsresultat i 2015 er på null. Det utgjer 0 %, som er godt under anbefalt nivå for resultatmargin som Teknisk Beregningsutvalg meiner kommunane bør ligge på. Landssnittet endte i år på 3 %, mens i følge TBU bør resultatet vere på minst **1,75 %**. I fjor var resultatet 1,4 % og i 2014 og 2013 var resultatet for Bokn 3,6 %.

Rådmannen kommenterer situasjonen i sin årsmelding 2014 om drift og økonomi slik:

Dei kommunale tenestene på Bokn er gode. Dette er mellom anna dokumentert gjennom Kommunebarometeret som er ei samanlikning av landets kommunar, basert på sentrale nøkkeltal.

Føremålet med Kommunebarometeret er å gi kommunestyra og sentrale myndigheiter ein lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over på kva måte kommunane driv. Tala er henta frå Statistisk sentralbyrå si Kostra-database og Grunnskulens informasjonssystem.

I det foreløpige kommunebarometeret for 2015 er Bokn kommune rangert som nr 115. Dette gjer at ein kjem ut som ein av dei beste av kommunane i Rogaland. Særleg skårar kommunen høgt på skule, barnehage, kultur og helse – viktige tenester for innbyggjarane.

Kommuneøkonomien er eit viktig reiskap for å nå dei mål ein setter seg for utvikling av kommunen. Bokn kommune har i mange år, som fylgje av eigedomsskatt frå gassbasert industri, hatt ein økonomi som har gjort det mogleg å halde eit tilfredsstillande driftsnivå, nedbetale gjeld og samtidig sette av pengar til fond.

Dei siste åra har Bokn likevel hatt ei dårlegare inntektsutvikling enn mange andre kommunar. Dette er i all hovudsak relatert til demografisk endringar og folketalsutviklinga dei siste 2 åra. Låg folketalsutvikling betyr òg lågare inntekter frå gassbasert industri sidan denne inntekta blir fordelt mellom Tysvær og Bokn etter folketal. Dette kan ein også lese ut av nedanforståande tabellar som viser at den samla inntektsveksten for Bokn i 2015 var negativ – samtidig som kommunen fekk fleire ressurskrevjande brukarar og kostnadskrevjande oppgåver. Dette kostnadsbilde har ein også med inn i 2016.

Som fylgje av dei store kostnadene dette medfører, fekk kommunen i 2015 og 2016 h.h.v. kr. 500.000,- og kr. 1.000.000,- i ekstra skjønsmidlar frå staten.

Rekneskapen for 2015 viser eit samla mindreforbruk på kr. 152.445,-. Det vises elles til kommentarane under det enkelte rammeområde.

Sum avsetjinger syner 3,7 mill. kr, mens bruk av avsetjingar er på nær 4 mill kr. Sum utgifter i investeringsrekneskapen er på 21 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter var finansieringsbehovet på 29,4 mill. kr. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med **eit rekneskapsmessig mindreforbruk (eit overskot) på kr 152.445.**

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapen.

Årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda.

Årsmeldinga skal i følgje årsrekneskap- og årsberetningsforskrifta vere klar innan **31. mars.**

Etter lovendring i 2013 er det nå krav om at rådmannen også skriv noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etisk standard** i kommunen. Det skal også skrivast noko om faktiske tilstand når det gjeld **likestilling** i kommunen.

Årsmeldinga gjer utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i meldinga. Kommunen har i år, som tidligare år, laga ei god og informativ årsmelding.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

Revisor si revisjonsmelding

Revisor har avlagt såkalla rein melding, dvs utan etterhald eller presiseringar. Revisor konkluderer med at *"Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Bokn kommune per 31. desember 2015, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge"*.

I revisjonsrapporten skriver revisor mellom anna *"Etter vår mening har samarbeidet med kommunens ledelse og øvrige personale vært godt. Vi har fått den assistanse og de opplysninger vi har bedt om"*.

Det er også i år kommentert forhold som revisor meiner leiinga i kommunen bør sjå nærare på:

- få tilsette i økonomiavdelinga gjer at ein bør sjå på arbeidsdelinga generelt og spesielt ved ferieavvikling,
- forbedringspotensiale knytta til dokumentasjon av balansepostene i rekneskapen,
- manglar i anleggsregisteret som gjer at det må oppdaterast (mellom anna er det behov for nedskriving av eldre IT-utstyr på ca 1,3 mill kr)
- fortsatt betydelig avvik mellom rekneskap og budsjett i investeringsrekneskapen,
- etablere en rutine der det i budsjettsaker vert lagd fram set framlegg til vedtak som spesifiserer foreslåtte budjettedringar.

Rapporten saman med meldinga dannar grunnlaget for den oppfølging utvalet eventuelt må gjere etter forskrift § 8. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på i rapporten. Sekretariatet gjer framlegg om at det blir gjort, men utvalet kan trekke dette punktet i møtet.

Kontrollutvalet sin uttale

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i rekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orientering gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bokn vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2015 slik den ligg føre / med desse endringane:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgd opp.

Aksdal, 18.05.16



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Til

Bokn kommunestyre

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for 2015

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 25.05.16, sak 9/16 handsama Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2015.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmeldinga, dagsett 01.05.16, revisor si revisjonsrapport nr 4, dagsett 22.04.16 og rådmannen si årsmelding 2015.

I tillegg har oppdragsansvarleg revisor og økonomisjef supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaming av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2015 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 152.445 kr.

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat. Det utgjer 0 % av driftsinntektene, som er under resultatet i fjor, og under Teknisk Berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2015 meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2015 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2015 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.15.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2015.

Bokn, 25. mai 2016

Lars Øyvind Alvestad
leiar

Kopi: Formannskapet

Økonomisk oversikt - drift

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	3.332.994,30	2.892.100,00	2.892.100,00	3.203.839,35
Andre salgs- og leieinntekter	5.995.509,93	5.500.100,00	5.378.100,00	6.073.495,93
Overføringer med krav til motytelse	11.051.105,35	6.498.800,00	6.038.800,00	11.652.844,35
Rammetilskudd	41.276.427,00	40.411.000,00	40.011.000,00	40.446.125,00
Andre statlige overføringer	343.863,11	500.788,00	385.000,00	412.238,00
Andre overføringer	0,00	0,00	0,00	400.000,00
Skatt på inntekt og formue	19.578.460,30	20.391.000,00	20.391.000,00	19.718.379,57
Eiendomsskatt	9.519.686,50	10.000.000,00	10.000.000,00	10.076.744,00
Andre direkte og indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsinntekter	91.098.046,49	86.193.788,00	85.096.000,00	91.983.666,20
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	48.422.905,41	46.743.188,00	46.630.400,00	47.883.355,53
Sosiale utgifter	13.722.630,35	13.191.000,00	13.191.000,00	13.534.756,97
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	14.544.680,72	11.678.900,00	11.176.900,00	13.415.926,63
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	7.632.262,19	5.722.500,00	5.722.500,00	8.071.782,28
Overføringer	5.185.132,07	4.027.500,00	4.216.500,00	8.135.994,34
Avskrivninger	4.166.402,91	2.700.000,00	2.700.000,00	2.700.987,00
Fordeelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsutgifter	93.674.013,65	84.063.088,00	83.637.300,00	93.742.802,75
Brutto driftsresultat	-2.575.967,16	2.130.700,00	1.458.700,00	-1.759.136,55
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	1.834.965,09	2.070.000,00	2.070.000,00	2.218.446,70
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	7.260,00	10.500,00	10.500,00	8.710,00
Sum eksterne finansinntekter	1.842.225,09	2.080.500,00	2.080.500,00	2.227.156,70
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	1.452.687,19	1.900.000,00	1.900.000,00	1.317.515,33
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	1.991.759,00	2.500.000,00	2.500.000,00	1.974.195,00
Utlån	0,00	10.500,00	10.500,00	10.640,00
Sum eksterne finansutgifter	3.444.446,19	4.410.500,00	4.410.500,00	3.302.350,33
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-1.602.221,10	-2.330.000,00	-2.330.000,00	-1.075.193,63
Motpost avskrivninger	4.166.402,91	2.700.000,00	2.700.000,00	2.700.987,00
Netto driftsresultat	-11.785,35	2.500.700,00	1.828.700,00	-133.343,18
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	3.304.509,02	0,00	0,00	2.836.452,12
Bruk av disposisjonsfond	214.867,78	0,00	0,00	57.176,00
Bruk av bundne fond	425.576,77	310.000,00	0,00	3.696.146,00
Sum bruk av avsetninger	3.944.953,57	310.000,00	0,00	6.589.774,12
Overført til investeringsregnskapet	378.649,01	360.000,00	0,00	828,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	2.870.424,02	2.450.700,00	1.828.700,00	2.996.156,12
Avsatt til bundne fond	531.650,00	0,00	0,00	154.937,80
Sum avsetninger	3.780.723,03	2.810.700,00	1.828.700,00	3.151.921,92
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	152.445,19	0,00	0,00	3.304.509,02

Økonomisk oversikt - investering

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	248.850,00	0,00	0,00	871.916,60
Andre salgsinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer med krav til motytelse	11.250,00	0,00	0,00	0,00
Kompensasjon for merverdiavgift	3.833.171,91	0,00	0,00	709.382,98
Statlige overføringer	0,00	12.000.000,00	12.000.000,00	0,00
Andre overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	4.093.271,91	12.000.000,00	12.000.000,00	1.581.299,58
Utgifter				
Lønnsutgifter	22.447,20	0,00	0,00	64.318,15
Sosiale utgifter	0,00	0,00	0,00	18.552,64
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	11.759.862,58	45.090.000,00	39.000.000,00	5.297.242,56
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	5.385.243,96	0,00	0,00	565.334,90
Overføringer	3.872.797,82	0,00	0,00	709.382,98
Renteutgifter og omkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	21.040.351,56	45.090.000,00	39.000.000,00	6.654.831,23
Finansstransaksjoner				
Avdrag på lån	1.880.606,50	0,00	0,00	674.385,03
Utlån	1.830.781,28	0,00	0,00	2.225.917,00
Kjøp av aksjer og andeler	202.230,00	0,00	0,00	193.795,00
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til ubundne investeringsfond	8.553.331,60	0,00	0,00	1.216.397,04
Avsatt til bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansieringsstransaksjoner	12.466.949,38	0,00	0,00	4.310.494,07
Finansieringsbehov	29.414.029,03	33.090.000,00	27.000.000,00	9.384.025,72
Dekket slik:				
Bruk av lån	22.999.227,53	22.700.000,00	19.000.000,00	2.225.917,00
Salg av aksjer og andeler	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	1.802.015,01	0,00	0,00	640.240,13
Overført fra driftsregnskapet	378.649,01	0,00	0,00	828,00
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	2.058.909,96	2.330.000,00	0,00	3.528.836,53
Bruk av bundne driftsfond	122.345,72	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne investeringsfond	2.052.881,80	8.060.000,00	8.000.000,00	2.988.204,06
Bruk av bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	29.414.029,03	33.090.000,00	27.000.000,00	9.384.025,72
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00

Anskaffelse og anvendelse av midler

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Anskaffelse av midler				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	91.098.046,49	86.193.788,00	85.096.000,00	91.983.666,20
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	4.093.271,91	12.000.000,00	12.000.000,00	1.581.299,58
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	26.643.467,63	24.780.500,00	21.080.500,00	5.093.313,83
Sum anskaffelse av midler	121.834.786,03	122.974.288,00	118.176.500,00	98.658.279,61
Anvendelse av midler				
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	89.507.610,74	80.254.088,00	79.091.300,00	91.041.815,75
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	21.040.351,56	45.090.000,00	39.000.000,00	6.654.831,23
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	7.358.063,97	4.410.500,00	4.410.500,00	6.396.447,36
Sum anvendelse av midler	117.906.026,27	129.754.588,00	122.501.800,00	104.093.094,34
Anskaffelse - anvendelse av midler	3.928.759,76	-6.780.300,00	-4.325.300,00	-5.434.814,73
Endring i ubrukte lånemidler	12.801.553,75	0,00	0,00	1.743.614,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i arbeidskapital	15.730.313,51	-6.780.300,00	-4.325.300,00	-3.691.200,73
Avsetninger og bruk av avsetninger				
Avsetninger	12.107.850,81	2.450.700,00	1.828.700,00	7.671.999,98
Bruk av avsetninger	8.179.091,05	10.700.000,00	8.000.000,00	13.106.814,71
Til avsetning senere år	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto avsetninger	3.928.759,76	-8.249.300,00	-6.171.300,00	-5.434.814,73
Int. overføringer og fordelinger				
Interne inntekter mv	6.831.638,92	6.659.900,00	6.659.900,00	4.988.402,00
Interne utgifter mv	6.831.638,92	7.865.900,00	7.505.900,00	4.988.402,00
Netto interne overføringer	0,00	-1.206.000,00	-846.000,00	0,00

Regnskapsskjema 1A - drift

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Skatt på inntekt og formue	19.578.460,30	20.391.000,00	20.391.000,00	19.718.379,57
Ordinært rammetilskudd	41.276.427,00	40.411.000,00	40.011.000,00	40.446.125,00
Skatt på eiendom	9.519.686,50	10.000.000,00	10.000.000,00	10.076.744,00
Andre direkte eller indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre generelle statstilskudd	343.863,11	500.788,00	385.000,00	412.238,00
Sum frie disponible inntekter	70.718.436,91	71.302.788,00	70.787.000,00	70.653.486,57
Renteinntekter og utbytte	1.834.965,09	2.070.000,00	2.070.000,00	2.218.446,70
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.	1.452.687,19	1.900.000,00	1.900.000,00	1.317.515,33
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	1.991.759,00	2.500.000,00	2.500.000,00	1.974.195,00
Netto finansinnt./utg.	-1.609.481,10	-2.330.000,00	-2.330.000,00	-1.073.263,63
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Til ubundne avsetninger	2.870.424,02	2.450.700,00	1.828.700,00	2.996.156,12
Til bundne avsetninger	531.650,00	0,00	0,00	154.937,80
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	3.304.509,02	0,00	0,00	2.836.452,12
Bruk av ubundne avsetninger	214.867,78	0,00	0,00	57.176,00
Bruk av bundne avsetninger	425.576,77	310.000,00	0,00	3.696.146,00
Netto avsetninger	542.879,55	-2.140.700,00	-1.828.700,00	3.438.680,20
Overført til investeringsregnskapet	378.649,01	360.000,00	0,00	828,00
Til fordeling drift	69.273.186,35	66.472.088,00	66.628.300,00	73.018.075,14
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	69.085.289,00	66.628.300,00	66.472.088,00	69.713.566,00
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	187.897,35	-156.212,00	156.212,00	3.304.509,14

Regnskapsskjema 2A – investering

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Investeringer i anleggsmidler	21.040.351,56	45.090.000,00	39.000.000,00	6.654.831,23
Utlån og forskutteringer	1.830.781,28	0,00	0,00	2.225.917,00
Kjøp av aksjer og andeler	202.230,00	0,00	0,00	193.795,00
Avdrag på lån	1.880.606,50	0,00	0,00	674.385,03
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger	8.553.331,60	0,00	0,00	1.216.397,04
Årets finansierungsbehov	33.507.300,94	45.090.000,00	39.000.000,00	10.965.325,30
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidler	22.999.227,53	22.700.000,00	19.000.000,00	2.225.917,00
Inntekter fra salg av anleggsmidler	248.850,00	0,00	0,00	871.916,60
Tilskudd til investeringer	0,00	12.000.000,00	12.000.000,00	0,00
Kompensasjon for merverdiavgift	3.833.171,91	0,00	0,00	709.382,98
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	1.813.265,01	0,00	0,00	640.240,13
Andre inntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum ekstern finansiering	28.894.514,45	34.700.000,00	31.000.000,00	4.447.456,71
Overført fra driftsregnskapet	378.649,01	0,00	0,00	828,00
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av avsetninger	4.234.137,48	10.390.000,00	8.000.000,00	6.517.040,59
Sum finansiering	33.507.300,94	45.090.000,00	39.000.000,00	10.965.325,30
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00

Rekneskapsskjema 1B

	Regnskap 2015	Budsjett 2015	Buds(end) 2015	Regnskap 2014
Grp. Ansvar: 1 SENTRALADMINISTRASJONEN				
Utgifter	19.138.493	16.657.900	16.208.400	18.944.432
Inntekter	-5.149.886	-2.804.900	-2.926.900	-4.910.351
Sum grp. Ansvar: 1 SENTRALADMINISTRASJON	13.988.607	13.853.000	13.281.500	14.034.081
Grp. Ansvar: 2 SEKSJON KULTUR, SKULE OG B.H				
Utgifter	30.579.293	28.255.000	28.989.288	32.907.419
Inntekter	-6.484.348	-4.909.400	-4.909.400	-6.816.908
Sum grp. Ansvar: 2 SEKSJON KULTUR, SKULE O	24.094.944	23.345.600	24.079.888	26.090.511
Grp. Ansvar: 3 SEKSJON HELSE, SOSIAL OG BA				
Utgifter	26.654.654	26.032.400	25.733.400	28.001.722
Inntekter	-4.346.032	-4.119.100	-4.579.100	-5.365.718
Sum grp. Ansvar: 3 SEKSJON HELSE, SOSIAL O	22.308.622	21.913.300	21.154.300	22.636.004
Grp. Ansvar: 4 SEKSJON SOSIAL				
Utgifter	2.979.406	2.416.500	2.416.500	2.753.836
Inntekter	-153.803	-128.000	-128.000	-221.431
Sum grp. Ansvar: 4 SEKSJON SOSIAL	2.825.604	2.288.500	2.288.500	2.532.405
Grp. Ansvar: 6 SEKSJON TEKNISK				
Utgifter	12.469.149	11.545.900	11.985.900	10.573.380
Inntekter	-6.603.715	-6.318.000	-6.318.000	-6.152.814
Sum grp. Ansvar: 6 SEKSJON TEKNISK	5.865.434	5.227.900	5.667.900	4.420.566
TOTALT	69.083.211	66.628.300	66.472.088	69.713.566



Haugaland
Kontrollutvalgsekretariat IKS

Mottatt dato: 03.05.16
Journalnr: 16/176/119
Arkivkode: 212

Deloitte AS
Sundgaten 119
Postboks 528
NO-5527 Haugesund
Norway

Tlf: +47 52 70 25 40
Faks: +47 52 70 25 41
www.deloitte.no

Til kommunestyret i Bokn kommune

Kopi:
Kontrollutvalget
Formannskapet
Administrasjonssjefen

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Bokn kommune som viser kr 69.273.186 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 152.445. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, og driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefens ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ein dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Bokn kommune per 31. desember 2015 og av

resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve*Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Haugesund, 1.5.2016
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

Bokn kommune
5561 BOKN

Haugesund, 22. april 2016

Att: Kontrollutvalget
Kopi: Rådmann

Revisjonsrapport nr 4
(journalføres)

REVISJONSRAPPORT FOR ÅRSREGNSKAPET 2015

Vi er nå i ferd med å avslutte revisjonen av årsregnskapet for Bokn Kommune for 2015. Vi vil i denne forbindelse knytte noen kommentarer til vårt arbeid og det fremlagte årsregnskap. Revisjonsrapportens formål er å gi en oppsummering av vesentlige forhold som vi er blitt kjent med i løpet av revisjonen.

I vår revisjon har vi gjennomført de revisjonshandlinger vi har ansett nødvendig for å få bekreftet at årsregnskapet ikke inneholder vesentlige feil eller mangler.

Etter vår mening har samarbeidet med kommunens ledelse og øvrig personale vært godt. Vi har fått den assistanse og de opplysninger vi har bedt om.

Kommunens ledelse er ansvarlig for å etablere og opprettholde en tilfredsstillende intern kontroll, herunder sørge for at regnskapsføringen er i samsvar med lov og forskrifter og at formuesforvaltningen er ordnet på betryggende måte.

Vi gjør oppmerksom på at vår gjennomgang av den interne kontroll er begrenset til den gjennomgang vi er pliktige til å utføre iht. god revisjonsskikk.

Vi konstaterer at det spesielt i forbindelse med ferieavvikling, er vanskelig å få til en tilfredsstillende arbeidsdeling i en liten kommune med få ansatte i økonomiavdelingen. Vi anbefaler at risikoen knyttet til manglende arbeidsdeling gjennomgås, og at det etableres kompenserende kontroller for å redusere risikoen for misligheter og feil.

Revisjonen gjennom året

Ved interimrevisjonen har vi på noen utvalgte regnskapsområder kartlagt og testet om vesentlige interne kontroller har fungert i heile regnskapsperioden. I tillegg har vi

benyttet analyser og kontrolltester som grunnlag for å vurdere kvaliteten på regnskapet. Videre har vi utført kontroll av vesentlige inntekts- og kostnadsposter i regnskapet. Vi har ikke avdekket forhold som var av en slik karakter eller størrelse at de fører til usikkerhet knyttet til det fremlagde årsregnskapet.

Revisjonen av årsoppgjøret

Ved vår revisjon av årsoppgjøret har vi lagt vekt på kontroll av fullstendighet av inntekter og gjeld, og gyldighet av eiendeler og kostnader.

Dokumentasjonen på årsregnskapet som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillende kvalitet.

Vi har ved våre revisjonshandlinger ikke funnet vesentlige formelle eller materielle feil i det fremlagte regnskap som ikke er korrigert i det endelige regnskapet.

Bokføringsloven og dokumentasjon av regnskapet

Bokføringsloven (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskriften (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) ble fra 1. januar 2011 gjeldende for kommuner og fylkeskommuner, samt kommunale og fylkeskommunale selskap. Det betyr at disse må følge alle reglene i bokføringsloven § 2 til § 14. Videre må bokføringsforskriften kapittel 2 til 7 følges.

Bokføringslova med forskrifter inneholder enkelte nye krav samt viderefører en rekke krav fra tidligere lover og forskrifter. På flere områder betyr loven en innstramming jamført med tidligere praksis. Bokføringsloven § 4 gir 10 grunnleggende bokføringsprinsipper som skal følges.

Ved utarbeiding av årsregnskap skal det etter bokføringsloven § 11 være dokumentasjon av alle balanseposter i regnskapet uten de som er ubetydelige.

Generelt er det fremlagt tilfredsstillende dokumentasjon på balanseposter, men på enkeltområder er det fortsatt forbedringspotensial vedrørende kvalitet på dokumentasjonen.

Anleggsregister

Revisor har ikke mottatt oppdatert anleggsregister, og informasjonen i note 12 Anleggsmidler, er ikke dekkende for balanseførte verdier. Vi har fått opplyst at tomteverdier for videresalg ikke er tatt inn note, og at dette utgjør differansen mellom informasjon i note og balanseførte verdier.

Revisjonens gjennomgang av anleggsmidler i forbindelse med årsoppgjøret avdekket behov for nedskrivning av eldre IT-utstyr på ca kr 1,3 mill.

Vi ber om at det pr 31.12. foreligger et oppdatert anleggsregister og anbefaler at det gjøres en ny vurdering av ikke avskrivbare driftsmidler.

Investeringsregnskap

Det er fortsatt betydelige avvik mellom regnskap og budsjett i investeringsregnskapet. Vi har fått opplyst at dette skyldes at prosjekter går over flere år og resterende midler er satt på fond og brukt til å finansiere forbruket kommende år uten at dette er reflektert i budsjettet.

Revisjonen minner om at det i 2011 kom en ny veileder for budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregnskapet. Veilederen bygger på rammene og prinsippene i gjeldende lov og forskrift, og vi anmoder om at Bokn kommune for framtiden innretter seg i tråd med veiledningen.

Budsjettendringer

Revisjonen bekrefter i revisjonseretningen at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett. Det er i 2015 ikke vesentlige endringer fra opprinnelig budjett til regulert budsjett. Det er imidlertid krevende å følge endringene fra vedtak til budsjettendring og omvendt.

Vi forslår derfor at man vurderer å etablere en rutine der det i budsjettsaker legges fram et forslag til vedtak som spesifiserer foreslåtte budsjettendringer. I tillegg vil det være hensiktsmessig om det i oversikt over budsjettendringer framkommer tydelig hvilke budsjettendringer som gjøres administrativt etter fullmakt, og hvilke endringer som følger av politisk vedtak.

Dersom noe skulle være uklart i framstillingen ovenfor, eller at det er behov for hjelp i forbindelse med konkretisering og gjennomføring av tilrådte tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til tjeneste.

Med vennlig hilsen
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	25.05.16	10/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 25.05.16**Vedlegg:**

16. Statusrapport pr. mai 2016
17. K-styremøte 08.03.16 – orientering om kontrollutvalgets oppgaver v/sekretariatsleder
18. K-styrevedtak 08.03.16, sak 4/16 – Kontrollutvalet si årsmelding 2015
19. K-styrevedtak 08.03.16, sak 5/16 – Forvaltningsrevisjonsrapport - Post/arkivhåndtering
20. Signert avtale – Anbud på revisjonstenester 2016-2020
21. Kontrollrapport 2015 fra Skatteetaten
22. Representantskapsmøte 25.04.16 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
23. Representantskapsmøte 27.04.16 – Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
24. Representantskapsmøte 29.04.16 – Haugaland Vekst IKS
25. Representantskapsmøte 23.05.16 – Krisesenter Vest IKS
26. Representantskapsmøte 25.05.16 – HIM IKS
27. Representantskapsmøte 06.06.16 – Haugaland Kraft AS
28. Kommunelovutvalget har overlevert forslag til ny kommunelov – NKRF nytt
29. Høring – NOU 2016:4 Ny kommunelov – frist
30. FKT-konferansen 7.-8.06.16 - (8 stk frå 7 kommunar, pluss rådgjevar)

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, meldingar og liknande) til kontrollutvalet til orientering.


SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsaker 16 -30 blir tatt til orientering

Aksdal, 18.05.16

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



16

Kontrollutvalet i Bokn

Statusoversikt mai 2016

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020	26.11.15, sak 25/11	Fast pris	Under arbeid	Hausten 2016	
Selskapskontroller					
Plan for selskapskontroll 2016-2020	26.11.15, sak 25/11	Fast pris	Under arbeid	Hausten 2016	
Andre saker					
Overordna analyser FR og SK	26.11.15, sak 25/11	Fast pris	Under arbeid	Våren 2016	

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
«Post/arkiv-handtering i Bokn kommune»	03.09.15, sak 16/15	10.02.16, sak 2/16	08.03.16, sak 5/16	6 måneder etter vedtak	70 timer avsett
« Tilpassing til Samhandlingsreforma»	04.09.14, sak 8/14	26.02.15, sak 3/15	17.03.15, sak 4/15	6 måneder etter vedtak	Ikkje mottatt
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS	04.09.14, Sak 15/14	28.05.15, sak 9/15	16.06.15, sak 27/15	12 måneder haust 2016	4 timar av 380 t
Andre saker					
	-				

Avslutta prosjekter pr. mai

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
Økonomisk sosialhjelp	21.05.13, sak 9/13	07.11.13, sak 22/13	17.12.13, sak 42/13		
Selskapskontroll					
Andre saker					

(17)

BOKN KOMMUNE

Kommunestyret

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 08.03.2016

Møtetid:

Kl. 19:00 – 21.35

Møtestad: Boknatun

Saksnr.:

002/16 - 021/16

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Eirik Nedrebø	SP	Sandra Jøsang	SP
Kjetil Vatnaland	SP	Geir Aksdal	SP

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Tormod Våga
Frå adm. møte:	Jan Erik Nygaard, Solrunn Alvestad, Ingunn Toft, Kåre Bua
Utlevert i møtet:	
